

Tilsvar til FNF sin høyringsuttale angående konsesjonsøknadane til Høydal Elektrisitetsverk.

Om dei generelle punkta(Viser til punktnummer og avsnitt)

2. Fyrste avsnitt:

Så vidt vi er informert frå Tussa Nett er det ikkje planlagt nye linjer på grunn av desse kraftverka, berre oppgradering av eksisterande.

Når det gjeld tilkomstvegar meiner vi at det samla sett på dei 4 kraftverka er lite nye vegar, det er for det meste førebels anleggsvegar langsmed røyrgatene.

4. andre avsnitt:

Her direkte mistrur dei vår vilje til å gi korrekte informasjon om forholda rundt elvane.

Viser til min beskriving av elva som fiskeelv. Den passar utmerket til dei funn som vart gjorde under utarbeiding av fiskerapporten. Men då vert det arbeidet drege i tvil på grunn av mangel på nøyaktigheit og metode.

Ser gjerne at NVE er objektive, men det gjedd begge vegar.

Tredje avsnitt:

Søkt avsnitt, kraftverka har ikkje gjeve inntekter lenge nok til å gi noko merkbart utslag.

Det eg kan sei i vårt tilfelle, er at det siste åra har vore tilflytting til bygda. Om grunnen er optimisme rundt kraftutbygginga er vanskeleg å seie. Men trenden med fråflytting er broten. Når det gjeld Høydal Kraftverk AS så har dei gått inn med ny kapital i Høydal Møbelfabrikk og berga vidare drift der, der er då einaste industriarbeidsplassen i Austefjorden. Det blir i også dreve eit konsulent firma retta mot små kraftverk i Høydalen.

I forhold til innbyggartallet i Høydalen næringsvksomheit med bakgrunn av småkraftsatsinga for 15 år sidan stor.

Fjerde avsnitt:

Vi er einige i at vatn og vassføring er viktig for friluftslivet, men kvar foregår friluftslivet.

I bygda her er det mest i fjellet og i sætredalane over alle inntak og urøyd av dei fleste utbyggingar.

7:

Her direkte påstår dei at ein skal vere restriktive å gi nye konsesjonar fordi tidligare utbyggarar ikkje rettar seg etter vilkåra. Det er å rette Bakar for Smed.

For det fyrste så er mange av dei opplista punkta relativt bagatellmessige, og resten skulle ein med enkle grep rette opp. Rapporten det vert vist til gir for dei som les heile eit positivt inntrykk av utbyggingane.

8:

Gode tekniske løysingar mottek vi tips om med takk, men det kjem i detaljplana.

Om Feirdalselva.

”området tiltaket ligg i er frå før sterkt prega av kraftutbygging og kraftliner”

Å ta med kraftutbygging i denne setning er å ta munnen for full, står ein og ser på Feirdalselva er der ikkje spor av kraftutbygging. Her foreligg heller ikkje tap av INON-område.

”Fjellsprenging, inntaksdam og røyrgate vil forstyrre eit idyllisk landskap i fjelldalen”

Viser berre dei ikkje har sett seg inn i korleis utforminga av inntak blir, treng synfaring.

Inntak ligg skjerma for innsyn frå Feirdalen.

Om Osvatnet.

Her er heller ikkje tap av INON-område. Vi kan kanskje gå med på ei lita justering av plassering av stasjonen, men ein nærmar seg raskt rasfarleg område, og sikkerheit fyrst.

Om Øggardselva.

Beskrivelsen av Øggardselva som fiskeelv er utdatert, for 40-50 år sidan kunne den vere truverdig men no er den utdatert.

Det har ein gong vore fanga stamfisk der men ingen som eg veit har fiska blankfisk der. Og nå det gjeld påstanden om at det er ei av dei beste elvane for Fossekall. Så er dette ein påstand, saknar dokumentasjon med fagleg innhald.

Om Storelva.

Fyrste avsnitt:

Her kjem påstanden om sterkt preg av kraftutbygging att. Objektiv- neppe.

Andre avsnitt:

Det at dei to siste gardsbruka er nedlagde siste åra vert brukt som argument mot verknaden av kraftutbyggingar.

Investering i gardsbruk har vore stor i Høydalen heilt fram til dei siste åra, nettopp på grunn av inntekter frå kraftverka. Kraftverka kan vel neppe tilleggast skuld for at regjeringa driv ein håplaus landbrukspolitik.

Som tidligare nemnt er folketalet no på veg opp.

Styreleiar i Høydal Elektrisitetsverk Gunnar Høydal